

INFORMASJON

# HELG OG HEIM

KYRKJELYDSBLAD FOR FØRDE OG NAUSTDAL

NR. 2 JUNI 2021 79. ÅRGANG





DEN NORSKE KYRKJA  
Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

#### FØRDE KYRKJEKONTOR

Kyrkjevegen 23F, 6809 Førde  
Tlf.: 57 82 81 80  
www.sunnfjordkyrkja.no  
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

#### OPNINGSTID:

Måndag – fredag kl. 09 – 15

Prost: Knut Magne Nesse

Prostiprest: Runar Matsui-Li

Sokneprest: Ingvald Andersen Frøyen

Ungdomsprest: Carsten Langeland

Diakoniarbeidar: Ingvar Vagstad

Diakon/frivilligkoordinator:

Inger Cesilie Fitje (permisjon)

Kyrkjekretær: Kari Skulderud Holsen og  
Toril Øye (Førde og Jølster)

Kyrkjeverje: Inger Hageberg Øvrebo

Ass. Kyrkjeverje/dagleg leiar:

Trond Herløsund

Kantor: Gro Gunnarson og  
Asbjørn Flåm

Kateket: Heidi V. Styve

Kyrkjelydspedagog: Ute Lindner og  
Gry Sætre

#### NAUSTDAL KYRKJEKONTOR

Kommunehuset,  
postboks 90, 6806 Naustdal  
Tlf.: 57 82 81 80  
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

#### OPNINGSTID:

Tysdagar kl 9-15.

Ta kontakt for anna avtaletidspunkt.

Sokneprest: Rigmor Frøyen

Arbeidsleiar: Ellinor Wergeland

Kyrkjekretær: Sigrun Solheim Savland

Kantor: Erlend Os

Kyrkjelydspedagog: Jenny Ødven Snildal

#### FØRDE KYRKJE

Kyrkjeterar/Kyrkjegardsarbeidar:  
Terje Sæle

#### HOLSEN KYRKJE

Klokkar: Tor Arild Nydal Holsen  
Reinhold: Jorunn Holsen

#### HAUKEDALEN KYRKJE

Kyrkjeterar: Bodil Øvsthus Frøysland

#### NAUSTDAL KYRKJE

Klokkar: Jenny Ødven Snildal  
Kyrkjeterar/kyrkjegardsarbeidar:  
Leonard Subrescu

#### VEVRING KYRKJE

Klokkar/kyrkjeterar: Leonard  
Subrescu (Førde og Naustdal) og Mette-  
Elin Standal Sæther

– Kyrkjeverja –

# Nytt frå redaksjonen

Diskusjon om felling av bøketrea ved Førde kyrkje har gått varmt i Firda og på facebook. Folk bryr seg om korleis det ser ut i og rundt kyrkja. Vi ser òg at folk les Helg og Heim. Bladet har blitt referert og endå til fått omtale i eit dikt; det er det ikkje alle kyrkjeblad som får!

Mykje av det som skjer i kyrkja kjem aldri i media. Vi meiner at det kyrkjelege arbeidet bør få meir omtale. Denne gongen skapte bøketrea rundt kyrkja engasjement. Vi tenker at andre tema, som t.d. kva for trusoppplæring kyrkja tilbyr, òg bør engasjere. Det bør vere positivt at det som skjer er synleg slik at kyrkja ikkje blir eit lukka samfunn for spesielt interesserte.

I dette nummeret er det mykje Førdestoff. Tips oss gjerne om kva som skjer rundt om, frå Vevring til Haukedalen!

**Reservasjon:** Det kjem no og då spørsmål om ein kan reservere seg mot å få bladet i

postkassa. Bladet går ut til alle husstandar på lik linje med blada til idrettslag, kulturinstitusjonar o.l. Desse blada har høve til å ha ein avgrensa mengde annonsar, og er merkt «Informasjon». Det er Posten sine retningsliner som gjeld, og ein betaler for «pakkeløysinga» for utelevering, som då går til alle husstandar.

**Det koster mykje å produsere bladet,** og vi er avhengige av trufaste annonsørar, og at fleire betalar for bladet. Styret for Helg og Heim, med representantar for sokneråda som eig bladet, valde i fjar å ha betalingsinformasjon i staden for giro i bladet. Det førte til at langt færre betalar, og dermed eit stort underskot.

I dette nummeret følgjer det med ein giro. Takk til alle som betalar!

*God sommar*

## HELG OG HEIM

Ansvarleg utgjevar av **Helg og Heim** er soknereåda i Førde, Naustdal og Holsen og Haukedalen. Bladet går til alle husstandar i tidlegare Førde og Naustdal kommunar.

#### Redaksjon:

Jenny Snildal, Ingvar Vagstad og Hanne Schnitler

Stoff og bilete kan sendast til:

- hanne.schnitler@eninvest.net
- jenny.snildal@gmail.com
- ingvar.vagstad@sunnfjordkyrkja.no

#### Grafisk utforming:

Firda Tidend, Sandane

#### Trykk:

Husabø Prenteverk, Leikanger

Hugs  
bladpengar!

Frivillig bladkontingent  
**kr. 290,-**

Bankkonto:  
**3705.15.33896**

Merk innbetaling  
med «Helg og Heim».

**VIPPS:**  
Vippsnr. **591 431**  
«Helg og Heim kyrkjelydsblad»

## Utgivingsplan for 2021

Nr. 3. Stoffrist:

Onsdag 11.08.

I posten veke 37

Nr. 4. 2020 Stoffrist:

Onsdag 28.10.

I posten veke 48

Det kan komme endringar.

**Framsidefoto:** Foto: Hanne Schnitler.

## ANDAKT

Ved JENNY ØDVEN SNILDAL, trusopplærar og dagleg leiar i Naustdal sokn.

# *Spor*

For nokre år sidan flytta vi til eit raudt, lite hus i skogkanten. Etter 30 år med naboar rundt på alle kantar var det ei ny oppleving å få naturen til nærmeste nabo.

Vi fekk granskogen tett inn på huset og der ser vi ekorn springe opp og ned etter trestammane.

Fuglane gøymer seg i lauvarea og gler oss med vakker song. Nedanfor huset glir elva sakte forbi og på solskinsdagar glitrar den som gull. Langs med elva luskar det av og til ein rev og i skogbrynet beitar hjorten. Ein liten bekk sildrar stilt ned mot elva på godversdagar, men når uveret kjem briskar den seg og fløymer opp.

Forbi huset vårt går ein skogsveg som fører oss midt ut i naturen til mange fine turar. Vi gler oss over det koselege huset, over turane og over å bu så roleg og fredeleg.

Ut på hausten, då det første snøfallet kom, gjorde vi ei oppdaging. Vi såg fotspor. Vi såg fotspor i snøen, av menneske. Og det var ikkje berre eit spor, det var mange. Mange hadde funne vegen forbi huset vårt. Og vi hadde ikkje sett det. Vi såg på kvarandre og smilte. Vi var ikkje så aleine som vi trudde.

Kvardagen kan bli full av alle skal, vil og må. Den kan tynge oss ned med det vi uroar oss for, og det kan vere vanskeleg å få auge på Gud i alt som skjer rundt oss. Men sjå deg rundt, Gud er der om du tek deg tid til å sjå etter.



*Salme 19, vers 2 – 5.*

*Himmelen kunngjer Guds ære,  
kvelven fortel om det hans hender har gjort.  
Dagen lèt sin tale strøyma til neste dag,  
natt gjev sin kunnskap til natt.  
Det er ikkje tale og ikkje ord.  
Stemmene kan ikkje høyra.  
Men dei når ut over heile jorda,  
orda når dit verda endar.*

# Tre og kjensler

I april vart fire store bøketre rundt Førde kyrkje tatt ned. Det vart lagt merke til.

Tekst: HANNE SCHNITLER

Store tre vekker kjensler. Det var ikkje uventa at det vart reaksjonar då dei siste store trea rundt Førde kyrkje forsvann.

Rundt kyrkja i Førde har det stått tett med bøketre som har vokst seg større år for år. No er alle vekke, og det kjende landskapsbildet har endra seg. Ser ein på eldre bilde av Førde, ser ein at området der kyrkja står er utan tre. På eit bilde frå 1950-talet er bøketrea der, men trea er små og kyrkja er godt synleg. Det kan synast som det ikkje var tenkt på kor store trea ville bli då dei vart planta. Eit bøketre treng stor plass, både til røter og trekrone.

Ellinor Wergeland, tilsett som arbeidsleiar, er ansvarleg for å følgje opp vedtaka frå Sunnfjord kyrkjelege fellesråd. Ho fortel at fellesrådet gjorde vedtak om å søkje løyve til felling, då trea var blitt for store og stod for nær kyrkjeveggen. Ved synfaring i 2019, med representantar frå Riksantikvar og Fylkeskommune til stades, var det semje om at trea måtte vekk. Søknaden frå 2020 vart dermed innvilga, med ei tidsfrist på eit år på å setje det i verk. Ved å ha trea så nær ei eldre trebygning, skapast fukt, og dei tette trekronene medfører vanskar med å få tørka opp treverket. Store røter har også skapt problem for graver og grunnmur.

Trea har vore diskutert lenge, og det vart gjort tynning og kroneheving for fleire år sidan. Det førte til at bladverket vart endå tettare etter nokre år. Fleire tre vart tatt ned i 2019 på grunn av råteskade. Dette var omtala i Helg og Heim nr. 4. 2019.



*Leif Laache var ein av mange som tok bilde av trefellinga. Foto Hanne Schnitler*

– Dette ikkje er noko enkel sak, seier arbeidsleiaren, som har fått merke det sterke engasjementet. Mange synest det er trist at store tre som har prega bybildet forsvinn. Ho får også positive kommentarar. No vart kyrkja synleg, og ein kan sjå kva for eit flott

bygg vi har. Men uterommet som trea skapte framfor kyrkja, med skygge og fuglekwitter, er vekke. Store tre suger også opp enorme mengder vatn, og det gjenstår å sjå om det får følgjer for kyrkjegarden.



Kyrkja og bøketrea på 50-talet. Frå bildesamlinga til Nasjonalbiblioteket: «Fotograf ÅM Førde, Sogn og Fjordane, før 1960.»

— Kva skjer med dei flotte trestammane, blir dei til ved?

— Ein del av treverket er levert til Helle Sag i Naustdal, og skal bli nytta til materiale. Det er òg gjort avtale med verksemda Timbla på Kaupanger, som lagar møbler og andre nyttegenstandar av lokalt treverk. Dei har samarbeid med møbelbutikken «Marias Hus» i Førde, og då blir det kan-

skje høve til å kjøpe seg fine ting med ei historie bakom.

— Førde er «Grøn kyrkjelyd», skulle ein ikkje latt nokre tre stå for å ta vare på fugle- og insektliv og alle artar som er avhengige av gamle tre?

— Vi må sjå det slik at kyrkjebygget har større kulturverdi enn trea. Når dei i utgangspunktet var planta for tett på kyrkja, og ikkje stelt då dei var unge, var det ingen annan utveg. No må det jobbast med å få ein god plan for nyplanting av tre som ikkje blir altfor store, seier Ellinor Wergeland.

Fördianarane må nok venne seg til endringane. Dei staseleg trea er vekke for alltid, men diskusjonen om store tre skal få stå eller ikkje, kjem til å halde fram andre stader. Saka har òg ført til spørsmål om kvar vi kan la tre få høve til å vekse seg store i Førde. Det er ein viktig diskusjon som bør helde fram. Her trengs god planlegging og god kunnskap om stell av tre. Og no er det forventa at det blir laga ein god plan for nyplanting på området rundt kyrkja.



Ellinor Wergeland har hatt ansvar for at vedtak om fellingsvart utført.

## Prestevikarar i sommar i Sunnfjord

Ved prost KNUT MAGNE NESSE

Grunna vakansar og permisjonar kjem 5 studentar som prestevikarar til Sunnfjord i sommar. Dette vil vere til inspirasjon for kyrkjelydane våre og ei god erfaring for studentane. Dei vil vikariere i heile prostiet. Dei vil ha kyrkjelege handlingar og gudstenester med dåp og nattverd. Maria Othilie Georgsen og Ingvild Prestbø vil vere basert i Gauld. Torhild Larsen-Nygård og Silje Marie Halvorsen vil vere basert i Florø og Knut Nordeide i Førde. Vi ynskjer å bruke studentar jamleg framover. Dette gjev oss nye impulsar, og studentane får viktig kjennskap til vårt område.

## Sokneprestane våre, Rigmor og Ingvald Frøyen

var som mange kjenner til, utsett for ei bilulukke 5. mars i Naustdal. Det går bra med begge to, og når bladet kjem ut er dei nok tilbake i arbeid, delvis eller heilt.

Medan dei har vore ut av jobb, har andre prestar og tilsette teke over/vikariert for sokneprestane. Dei melder til Helg og Heim at dei er svært takksame for omtanke, støtte og forbøn!

# Arbeidet i Førde kyrkje er i gang

Tekst: BJØRN HARALD HAUGSVAER,  
leiar i Førde sokneråd

Ombygginga av Førde kyrkje har starta opp, etter lengre tids planlegging. Det er no tatt hol i golvet på galleriet der det skal komme ny trapp. Den gamle trappa skal takast ned for oppbevaring, etter pålegg frå Riksantikvaren. For å unngå stov er orgelet kledd inne, og arbeidet er skjerma bak ein duk. Kyrkja skal vere i mest mogleg normal bruk under arbeidet. I forrige nummer av Helg og Heim kan ein sjå teikningar og omtale av dei tiltaka som skal gjera.

Det er Espeseth Bygg som har fått ansvaret for gjennomføring av arbeidet. Kolbein Espeseth fortel at arbeidet med riving og innsetting av ny trapp, nytt tekjøkken og handicaptoalett vil ta si tid, og dei blir nok ikkje ferdig før mot slutten av året. Dei møter diverse utfordringar sidan dette er eit gammalt bygg. Men alt kan løysast, det er dei einige om.



Frå v. Kolbein Espeseth, Tesfalem Araja og Jon Ove Espeseth i Espeseth Bygg. Foto Hanne Schnitler



Tesfalem Araja er klar til å ferne gamle lister.  
Foto: Helge Naustdal

Det kan komme overraskningar når gamle konstruksjonar skal endrast.  
Foto: Hanne Schnitler





**ARKI**  
ARKITEKTAR

Hafstadgården  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Nettside: arki.no



**EXTRA**

NAUSTDAL



**Best**

NAUSTDAL



**NMS**  
**GJENBRUK**

**Velkommen til oss!**

Elvevegen 1, Førde (ved Kunstmuseet)

Måndag .....	11-17
Tys., ons., fre., laurdag ..	11-15
Torsdag .....	11-18

Tlf. 404 33 220

**MILJØ MØTEPLESS MISJON**

# Førdefestivalen: Østerlide

Festivalkonsert fredag 9. juli kl. 21.00 i Førde kyrkje



Østerlide er Ulrik Ibsen Thorsrud – trommer, perkusjon, klokkespel og sag, Liv Ulvik – vokal og Andreas Haddeland – gitarar, bass, rubab og perkusjon

Førdefestivalen arrangerar konsert i Førde kyrkje med gruppa Østerlide.

Med ønskje om å finne tilbake til eigne røter byrja desse tre å forske i melodiar og historier frå den norske folkemusikktradisjonen. Saman har dei funne fram til

eit uttrykk som kler folke-melodiane i ny drakt.

«Aldri kjedelig, alltid overraskende og originalt. Røff og elegant.» (Kjetil Bjørgan i bladet Folkemusikk)

## Festivalgudsteneste

Søndag 11. juli er festivalmusikarar med på gudstenesta i Førde kyrkje.

Når bladet går i trykken, er det ikkje avklart kven som skal spele under gudstenesta.

**HELENES**  
AUTOMATION - ELECTRICAL - MECHANICAL

**PROTOLAB VEST**

**FARGERIKE**  
NOREGS LEIANTE FARGE- OG INTERIØRKJEDEN  
**Førde Fargehandel %**  
TLF. 57 82 99 50  
DIN LEVERANDØR AV MÅLARVARER

**trendy**  
FRISSØR  
DROP-IN  
TIMEBESTILLING  
ALTI Førde (Handelshuset)  
Tlf. 57 82 00 65



Din nye bustad finn du hos oss!  
Vi leverer også kjøkken, bad og garderobe!  
Du finn oss på Halbrendsøyra i Førde.

[www.gravdal.no](http://www.gravdal.no) - tlf. 47 87 40 00

**HELLVIK HUS**

**Gravdalgruppa**  
Førde - Bergen

# – Vi ber noko av kvarandre i hen

Tekst og foto: ERIK TORP NILSEN

Carsten Langeland tok til i stillinga som ungdomsprest for omlag eit år sidan. Han er gift med Helene Langeland, som nett er tilsett som sjukehusprest, og dei to bur på Skei. Carsten har allsidig bakgrunn for prestegjerninga han har gått inn i, og han brenn for Folkekirkja.

– I Danmark taler vi offisielt om Den danske Folkekirke, og det er svært spennande for meg å få arbeide i Norge. Dei to kyrkje-ne er ikkje like, for eksempel er Den danske Folkekirke noko meir hierarkisk i sin struktur enn Den norske kyrkja; her er det ein flatare struktur.

På mange vis er den danske kyrkja meir tradisjonell enn den norske, som har hatt omfattande reformer både i salmesong, liturgi, trusopplæring og ikkje minst gjennom avviklinga av statskyrkjeordninga.

– Her i Norge har det som kjent vore reformer, og det har vi ikkje hatt i Den danske folkekirkje. Men i Danmark har kyrkja pengar. Kronerulling til eit teppe er ein utelukka tanke i Folkekirkjen. Slike saker ordnar Kirkestyrelsen som går inspeksjonsrunder og ser til vedlikehaldet, og det som skal gjerast, det blir også betalt. Det kan synest som dei norske myndighetene ikkje har den same tanke for vedlikehald.

Ungdomspresten gir fleire døme på at han ser dei gode sidene på begge sider av Skagerrakk.

– Men så har vi heller ikkje det same engasjement i Danmark! Her i Norge har vi frivillige som engasjerer seg i kyrkja, både i aktivitetane og med eit økonomisk ansvar både for bygningar, innreiing og for arbeidet. Og ein diskuterer kyrkja si tru og verdiar.



*Carsten Langeland flytta frå Middelfart «midt» i Danmark, til Skei, og har no vore ungdomsprest i Sunnfjord eit år.*

Carsten Langeland er fødd i 1969 og oppvaksen nær Lillebælt, i byen Middelfart på Fyn, Danmarks nest største øy. Familien var typisk for den danske folkekirkja, ikkje særleg aktiv, men Fader Vor, Den danske Salmebog og Folkehøiskolens Sangbog (svært Grundtvigiansk) var ofte i bruk.

– Både far min og eg hadde opplevingar i ungdommen, då vi forstod, at ne, no

var det tid til å rope på Gud! Og den folkekirkjelege bakgrunnskunnen blei ein hjelp til å folde hendene og fortelje Gud om det som var vanskeleg. Så kom eg med i ein gruppe i KFUM der vi også kunne snakke om Gud. Ungdomane eg møtte der kom frå kristne heimar. Språket deira var annleis. Men dette blei òg ein stad der vi kunne snakke om Gud, om Jesus og om andre ting

# dene våre,

seier ungdomspresten i Sunnfjord, Carsten Langeland.

“

Eg har alltid vore praktisk og jordnær og likar difor best når preikene hentat døme frå kvardagslivet. Når eg fyrst er der, har eg utbyte av gudstenesta, og det er godt å vera til kyrkja.

Svein Kai Fedje til Egon Askvik i boka *Kyrkjefolk*, Skald forlag 2015

vi tenkte på. Ja, vi kunne også diskutere filosofiske spørsmål.

Carsten ser også forskjellar i songtradisjonane.

– Vi har jo dei gamle salmane våre, og vi har våre gamle danske songar. Men her i Norge blir det skrive nye salmar som prøver å kle bodskapen i notidas språk.

**E**g nikkar, dette intervjuet vart unnfanga og avtalt etter ei gudsteneste der Carsten hadde valt nyare norske salmar, og eg roste han for at han alt var kjent i vår norske salmebok. Ein ros han seier han ikkje fortener.

Carsten lurer på om vi norske kanskje er meir sjenerete for å synge. Men så er han sjølv vaksen opp med kyrkjekor, og både som barn og ungdom følgde han mor si til sjukeheimen, der dei skulle synge og spele for eldre. Musikken var viktig i barndomsheimen, og er det framleis. Carsten spelar fleire instrument, og musikkutdanning var eit av ynska han måtte legge frå seg då han gjekk i gang med det teologiske studiet i Århus.

– Songen er jo eit uttrykk for fellesskapet. Og eg må ha lov til å spørje om kyrkje-lydane får tid til å la dei nye songane og den nye liturgien bli sitt eige. Det er jo flotte salmar, og dei er i vår tids språk. Men altså ... det er nok mange som er usikre på alt det nye.

Intervjuaren nikkar, han minnest ei gudsteneste på Nordjylland for tre år sidan. Presten i samarie og pipekrage, gamle salmar av Kingo og Brorson, og liturgien er i eit gammalt språk. Men kyrkelyden, dei få som var der, dei song.

– Men det er fellesskapet vi talar om. Jesus møtte menneske som var utanfor det gode selskap, og han opna opp for dei. Carsten viser til forteljingane vi har om Jesus frå Nytestamentet. Jesus var ven med dei som var utanfor det «gode selskap». Dette brukte det «gode selskap» mot han.

I sitt vaksne liv har Carsten ein allsidig bakgrunn for prestegjerninga i Førde og Sunnfjord. Han har teke imot pris (Årets Middelfarter) for sitt arbeid med nærradio i byen, han har vore prest for danske soldatar i Afghanistan og vore journalist i Århus' Folkekirkelige Informations Radioafdeling, der han mellom anna fekk reise til Hong Kong for å dekke møtet som Det Lutheriske Verds forbundet hadde der i 1997. Han har arbeidd med å skaffe pengar til Kirkens Korshær (søsterorganisasjonen til Kirkens Bymisjon), har skrive oppgåve i Religions-sosiologi om «Sømaend og Religiøsitet» og vore områdesekretær gjennom to års tid for ein internasjonal hjelpeorganisasjon. Det vart meir enn 300 reisedagar i året rundt om i verda. Han fortel mellom anna om samtalar med buddhistar som ei interessant oppleveling.

“

Kyrkja og den kristne trua gir ein tryggleik. Eg vil at barna skal ha med seg kristendommen som ein ballast i livet. Kristen kunnskap er eit godt utgangspunkt.

Svein Kai Fedje til Egon Askvik i boka *Kyrkjefolk*, Skald forlag 2015

– Men kva var det som fekk deg til å søke stillingar som prest i Norge?

– Eg såg utlysingsteksten i Danmark om ein prestestilling i Norge og ringde til prost Geir Sørebø. Han inviterte meg til Lavik, og eg trur at han og eg fant tonen. Det vart eit godt besøk der eg vart kjent med trusopp-læringsplanen, som eg vart begeistra for. Den er eineståande i verda, det er ingen

“

Eg kan ikkje skryta på meg ei sterkt tru. Men me har vore gjennom mange vanskelege situasjonar. Og på dei mørkaste dagane, så har også eg bøygð knea og bedt til min Gud.

Svein Kai Fedje til Egon Askvik i boka *Kyrkjefolk*, Skald forlag 2015

andre kyrkjer som har ein nasjonal plan for dette, velsigna og betalt av Staten.

– Og oppgåva di som ungdomsprest ...

– Den er nok ikkje ferdig definert. Vi fekk jo ein pandemi som har sett mange ting på «vent». Eg ville for eksempel gjerne la konfirmantane få sjansen til noko eg prøvde då eg var prest i Nord-Jylland. Ei gruppe unge fekk øve på eit lite skodespel, ikkje med ord, men med kroppsspråk og mimikk. Så fekk vi besøk av tyske konfirmantar, og vår gruppe kunne besøke dei. Dei møtte kvarandre og budde hos kvarandre. Men det kan vi i alle fall ikkje gjøre før denne koronaen er over.

Fleire gongar i samtalene kjem Carsten inn på han som prest vil nå lenger enn til «dei frelse».

– Korleis skal Jesus nå inn til dei unge? Han ynskjer menneska inn i fellesskapet, i alle situasjonar. Vi skal jo vere ei folkekirkje, der Jesu Kristi nestekjærleik skal stå i sentrum.

Carsten nemner Egon Askvik, som har skrive boka *Kyrkjefolk*, som blir referert i teksten. Og han nemner fleire danske teologar, mellom dei K. E. Løgstrup, som talar sterkt om kor viktig det er å høyre til i fellesskapet. Kvar og ein av oss er med å bere dei andre, og kvar og ein av oss er – meir eller mindre – boren av dette fellesskapet. «Vi ber noko av kvarandre i hendene våre», skreiv Løgstrup i ei av sine sentrale bøker. Vi kan ikkje skilje ut nokon og seie vi ikkje skal bere nett dei.



Bygudstenesta 2018. Erling Nydal held preike ved elva.

# Bygudstenesta i Førde

Kyrkja feirar «Skaparverkets Dag» søndag 6. juni. Laurdag 5. juni er det den internasjonale «Verdas Miljødag». I Førde har det vore tradisjon å markere begge dagane med gudsteneste midt i byen, første søndag i juni.

Tekst: HANNE SCHNITLER

Før det nye rådhuset vart bygd, blei bygudstenesta feira på plassen ved det gamle rådhuset. Dei siste åra har trappa ned mot elva ved Rådhusplassen vore ein fin stad å ha gudsteneste.

Etter eit langt år utan høve til myldring, kan det vere godt å mimre over bygudstenestene vi hadde i «før-koronatid». Folkeliv, salmar med måkeskrik attåt, Deciding med band, kor og trøkk, trengsel rundt kyrkjekaffien og glade ungar som fekk prøve seg på sykkelløype, natursti og andre aktivitetar. Det var visst alltid sol og fint ver. Det har rett nok skjedd at gudstenesta flytta til kyrkja når vermeldinga har vore for dårleg, men det blir ikkje det

same. Det blir ein annleis oppleving når gudstenestefeiringa foregår ute.

I fleire år vart det laga til frukost inne og ute ved butikken «Trapp ned» i forkant av gudstenesta, og folk vart oppfordra til å komme syklande eller gåande. Dette har vore ein fin start på dagen.

«Agent for skaparverket», trusopplæringstiltak for 9-åringar, har gjerne avslutta agenthelga med deltaking på bygudstenesta. I år skal «Agent for skaparverket» vere helga før, med deltaking på familie-gudsteneste 30. mai. Då får vi to helger i kyrkja med tema om å ta vare på naturen. I år skal agentane få vere med på skogplanting!

Naturvernforbundet har i fleire år vore medarrangør. Dei har hatt appell un-



Frukost på Trapp Ned.

der gudstenesta og laga til arrangement etterpå, og mint oss på alvoret som ligg bak markeringa av Verdas Miljødag. Denne FN-dagen har hatt ulikt tema kvart år. I fjor var temaet «Time for Nature», eller «Berekraftig Naturmangfold». I år er temaet «Gjenoppretting av øydelagt natur».

FNs miljøprogram (UN Environment) har ansvaret for markeringa av Verdas Miljødag, og gjer dette i samarbeid med ein storby eller eit land kvart år. Tema som blir valt heng saman med miljøproblem



Deciding stiller trufast opp! Her frå 2014. Foto: Reidar Eide.



I 2012 hadde Naturvernforbundet aktivitetar for store og små etter gudstenesta.



og utfordringar som byen eller landet har. Samtidig blir alle land, byar og lokalsamfunn oppfordra til å markere dagen der dei er. I 2020 var Colombia vertsland, og i år er det Pakistan. På miljødagen 5. juni skal FN lansere starten for «Eit tiår for gjenoppretting av øydelagt natur» eller «UN Decade on Ecosystem Restoration 2021 – 2030». Pakistan sitt bidrag er å setje igang eit stort skogplantingsprosjekt som vil gje 5500 nye arbeidsplassar. Over heile verda er det planar om å gjenopprette

ulike naturtypar; skog, våtmark, elvedelta, strandsonar m.m., slik at dei opprinnlege artane kan få tilbake livsvilkåra.

På nettsida <https://www.decadeonrestoration.org> kan ein lese om ulike prosjekt der øydelagt natur blir gjenopprettet og plante- og dyreliv kjem tilbake.

I mange land er kyrkjene aktivt med i arbeidet for å ta vare på naturen. Fleire av kyrkjene som våre kyrkjelyder støtter, er engasjert i å ta vare på det lokale naturmangfaldet. Dei er til god inspirasjon for

oss med det dei får til med mindre ressurser.

Bygudstenesta er meir enn ein fin tradisjon med uteaktivitetar og sosialt samvær, sjølv om det er viktig i seg sjølv. Vi treng ei påminning om at vi er ein del av både lokalsamfunnet og verda, og at vi har ansvar for vår vesle bit av planeten.

I år blir det nok ei enklare utgåve av bygudstenesta i Førde. Så får vi glede oss til neste gong vi kan møtast til feiring utan restriksjonar!



# Vi har fått barnealter i Førde kyrkje

Tekst og foto: GRY SÆTRE

Vi ynskjer at barn skal kjenne seg velkomne i kyrkja. Difor har vi laga eit alter som er særleg tilrettelagt for dei. Vi har malt eit gamalt entrébord i fargane som er i kyrkja frå før. Bordet har to skuffer. Der har vi lagt boksar med sju ulike perler frå Kristuskransen.

Perlene i Kristuskransen har ulike fargar med kvar sin tyding. Perlene symboliserer glede, sorg, kjærleik, Gud m.m. Barna kan velje seg ei eller fleire perler som dei legg i skåla på alteret. På denne måten vil alteret vere ein stad for stille bøn, gjerne under gudstenesta saman med ein forelder.

På bordet ligg alterduk med

symbolikk, laga av Elin Flatland. Ho har laga tre ulike dukar til bruk gjennom kyrkjeåret; Grøn duk med fiskar, lilla duk for tru-, håp- og kjærleik og kvit duk med sommarfuglar. Symbola på dukane kan vi nytte både i trusopplæring og når skular og barnehagar er på besøk.

Barnealteret vil vere eit naturlig samlingspunkt i ulike trusopplæringstiltak, som 4 – årssamling, Tårnagenthelg og liknande.

Førde sokn har brukt Kristuskransen i mange år i Trusopplæringa. Barna har fått laga seg armband eller halskjede med ein eller fleire av perlene frå kransen. Dette vil vi forsette med.



*Gravminne  
finn du hos oss*



**FAGMILJØ**

Firdavegen 20, 6800 Førde, tlf. 57 72 10 60

## Spesialist på gamle klokker, veggur, lommeur og armbandsur

Har klokka di høg personleg verdi - er den kanskje eit verstatteleg arvestykke? Treng den ettersyn - reparasjon eller restaurering?

Urmakarverkstad i Førde med ekspertise og lang erfaring på reparasjonar av alle typar ur. Henting og levering etter avtale om ønskjeleg. Gratis, fast prisoverslag. 6 års garanti på overhaling av veggur.



**Roger Pettersen A/S**  
OFFENTLEG GODKJEND URMAKAR  
**6810 Førde - tlf. 907 32 380**

# På kyrkjevandring med barnehagen

I tida rundt påske var det ikkje høve til å ha gudstenester i kyrkje. Men Førde kyrkje sto ikkje tom. Heile 18 påskevandringar var gjennomført for barnehagane i Førde.

Tekst: HANNE SCHNITLER

Kyrkja har eit ansvar for å gje tilbod om trusopplæring tilpassa ulike årskull. Difor får skular og barnehagar tilbod om undervisning, gudstenester, julespel og påskevandringar.

– *Kva gjer de for å marknadsføre tiltaka?* Spørsmålet går til Gry Sætre, trusopplærar i Førde kyrkje.

– Vi gjer nesten ingen ting, dette går av seg sjølv, seier ho. – Eg sender ut brev til alle barnehagane i Førde, og det kan verke som dei sit og ventar på brevet. Vi opplever svært god respons på tilboden.

Ho fortel at dette har blitt gjennomført i så mange år at samarbeidet er godt innarbeid. I vekene før påske var det gjennomført heile 18 påskevandringar i kyrkja for barnehagane i Førde. Tilsvarande var det òg før jul, då var nesten alle barnehagane i Førde på besøk i kyrkja.

Helg og Heim var med på ei av påskevandringane i Førde kyrkje. Denne dagen var det born og tilsette frå Ytre Hafstad barnehage som kom puljevis etter kva for grupper og kohortar dei tilhørde. Ingvar Vagstad og Gry Sætre tok i mot dei.

– Er det nokon som har vore med på kyrkjevandring før? spør Gry.



– Ja, lyder det i kor.  
– Og då var du engel!

Borna får utdelt palmegreiner, dei får høre om då Jesus Reid på eit esel inn til Jerusalem, og får forklart kvifor vi feirar Palmesøndag. Så får dei gå ei runde med greiner i hendene.

Inne i midtgangen er det sett fram ein benk med kvit duk. Der står eit vaskefat og eit fat med brød. Ingvar fortel om skjærtorsdagen då Jesus vaska føtene til lærersveinane, og måltidet då han innstifta nattverden.

Neste post er framme i kyrkja, der det står eit bord med lys og påskeliljer. Det skal handle om langfredag og Jesu

død. Gry fortel om Jesus som blei tatt til fange, og ho illustrerer døden med å blåse ut lyset. – Når vi sørger over ein som er død går vi med blomar til grava, seier Gry. Borna får kvar si blome og går vidare til alterringen. Her står Ingvar og peiker på altertavla. Der er bilde av nattverden, korsfestinga, gravlegginga og den tomme grava, Jesu oppstode. Ivrige hender peikar på biletta. Alterringen blir pynta med blomar, og samlinga blir avslutta med song.

Samlinga er kort, men innholdsmetta, og alt verkar godt planlagt og innarbeidd. Dette må vere ei god måte for barneha-

gane å markere påskehøgtida på, og få hjelp til formidlinga. Borna blir kjent med bibelforteljingane, med kyrkjerommet, og får sjå kva kyrkjecunsten fortel. Men med så kort samling, vil dei nok trenge tid i barnehagen og heime til å bearbeide dei inntrykka dei har fått.

Ingvar og Gry seier at dei er svært nøgde med samarbeidet med barnehagane i Førde. Utifra responsen dei får frå barn og tilsette, verker det som dei har funnet ei form for formidling som fungerer.

Ytre Hafstad barnehage har deltatt på samlingane i kyrkja i mange år.

– Dette tilboden samsvarar godt med planane for barnehagen, seier einingsleiar Jorunn Liv Kleiven. – For nokre år sidan vart opplegget endra og gjort enda meir barnevenleg, og det var vi godt nøgde med. Ho fortel at dei har vore med på samlingane jul og påske, og dei gongane det har vore invitert til kyrkja før pinse.

– Dette kjem vi nok til å halde fram med, for alle synest dette er kjekt, seier ho.





# BARNAS SIDE

## Fargelegg!

Jesus fortalte ei likning om ein sau som hadde gått seg bort. Gjetaren leita heilt til han fann att saunen. (Teikning: Trevor Keen)



## Finn fem feil

Då gjetaren fann saunen, blei han så glad at han holdt ein fest! Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under? (Teikning: Trevor Keen)



Gje barnebladet  
**BARNAS** til  
eit barn du er  
glad i!

Desse oppgåvene er  
henta frå bladet.

Bestill abonnement  
på **Søndagsskolen.no**  
eller 22 08 71 00.



## Vitser

- Eg trur eg snart skal få ein bror!
- Kvifor trur du det?
- For kvar gong mamma har vore på sjukehuset, har eg fått ei søster.
- Ja, og så?
- Jau, no er pappa på sjukehuset ...

- Skal eg dele pizzaen i fire eller åtte stykke? spurde servitøren.
- Berre fire, takk. Eg trur ikkje eg orkar åtte.



## Sommarleir på Nesholmen

### Barneleir 6. til 8. august:

Velkommen til ein flott oppleveling på Nesholmen leirstad! Vi inviterer barn frå 1. til 4. klasse til ei hyggeleg helg med vennskap, fellesskap, leik og moro. På leiren vil vi ha aktivitetar som bading, kano, ballspel, konkurransar, leirbål og fokussamlingar.

### Aktivitetsleir 9. til 11. august:

Velkommen til nokre spanande dagar med uteaktivitetar, leik og moro på Nesholmen leirstad. Aktivitetsleir er for barn mellom

10 og 13 år. Leiren går over 3 dagar og har eit variert program med fokus på uteaktivitetar. Det vil bli kano- og kajakk-turar og mange mulegheiter for bading. Dersom du likar litt action og ballspel får du høve til å prøve det. I tillegg blir det dans, leiking og Nesholmiade. Detaljprogram blir tilsendt på epost, 1-2 veker før oppstart.

Påmelding til begge leirane via heimesida til KFUK KFUM Sogn og Fjordane: <https://kfuk-kfum.no/kalender/aktivitetsleir-pa-nesholmen-2021>

## Leirtilbod på Alværa Leirstad

### Familieleir 11. - 13. juni

Vi ønsker å ha familieleir i år, men det er usikkert om vi får lov/bør gjennomføre denne. Send gjerne melding til Helle Kartveit, Barne og ungdomskonsulent i NMSU på tlf. 404 06 050, om de er interessert.

### Sommerleir på Alværa

### 2. - 7. klasse, 21. - 23. juni

Påmelding: [nmsu.no/kalender](https://nmsu.no/kalender)

## Fasteaksjonen 2021 samla inn 84 765,- kroner



Det er tradisjon at konfirmanthane går med bøsser og samlar inn pengar til Kirkens Nødhjelp. Dette var andre året dei ikkje fekk vere bøsseberarar; heile innsamlinga var gjort digitalt.

I år vart det samla inn kr. 67.389 - i Førde, Holsen og Haukedalen, og kr. 17.376,- i

Naustdal. I tillegg kan det vere summar som ikkje er registrert. For heile landet er det samla inn over kr. 21 550 000,-. Dette gir reint vatn til over 86.000 menneske!

I Førde har summen gått ned frå i fjor, då kr. 115 000,- vart samla inn. Det er fleire

## AKTUELTT I KYRKJELYDANE

### Opa kyrkje

*Velkommen til opa kyrkje i Førde!*  
Kvar onsdag er det rom for lystenning, stille og bøn frå kl. 10.00 – kl.13.00.

### Kyrkja i byen

Omlag kvar onsdag frå kl. 14.00 – 16.00 sit ein person frå Førde kyrkjelyd på Skywalken mellom handelshusa i Førde, klar til ein prat. Velkommen!

### 10-kaffi

10-kaffien på Førde kyrkjetur er i gang og held fram til 16. juni, då det vert eit opphold gjennom sommaren. Det vert oppstart igjen 25. august.

10-kaffen er eit samarbeid mellom Førde Frivilligsentral og Førde kyrkje, ein uformell samlingsplass for kaffi og drøs, kvar onsdag kl. 10.00 i ungdomslokalet i 1. etg. på Førde kyrkjetur.

### Førde kyrkjekor

Førde kyrkjekor har øving i Førde kyrkje onsdagar kl. 19.00. Ta kontakt med dirigent Gro Gunnarson om du vil vere med!

### Årsmøte i Førde sokn


Søndag 13. juni er det årsmøte i Føre kyrkje rett etter gudstenesta.

grunnar til nedgangen, og vanskeleg å samanlikne frå år til år.

**Men du kan framleis betale inn på nr. 2426 på SMS eller**

**Vipps** og støtte arbeidet for å gi fleire menneske tilgang til reint vatn.

Takk til alle som har støtta aksjonen!



**STØRST AV ALT**

# Trusopplæring

Vi planlegg forskjellige aktivitetar for barn og unge framover, men ikkje alt er klart for haustsemesteret. Framleis er det koronarestriksjonar, og vi tilpassar aktivitetane etter gjeldande reglar.

Trusopplæring i Førde sokn:



## Vakuum-veka 2021

**10. - 13. august**

Siste veke før skulestart er det Aktivitetsveke for 1. - 4.- klassingar på Førde kyrkjetun.

Vakuumveka er full av aktivitetar og gode opplevelingar, og er ein del av trusopplæringa i Førde, Holsen og Haukedalen. Du får vere med på turar, leik, drama, musikk og idrett, og du blir betre kjent med Jesus og med kyrkja.

Påmelding innan 30. juni. på nettsida vår: <https://minkirkeside.no/sunnfjord>

## Spiren

Frå hausten blir Spiren kvar onsdag kl. 11.15 på Førde Kyrkjetun. Babysong for barn frå 0 til 1 år. Frå 1. september.



MALER RUNE  
**SKILBREI**  
MALING · TAPET · GOLVBELEGG · FLISER

Skal du bygge heilt nytt, eller forme litt?

Vi har utvalet! **Velkommen innom Skilbreibutikken i Naustdal!**

## Korskulen i Førde kyrkje

**Semesterstart: tirsdag 17. august!**

Korskulen har fire kor, og alle over i Førde kyrkje kvar tirsdag:

- **Knøttekor** (ca. 3,5 år til ca. 5 år)  
kl. 17.00 – 17.40
- **Aspirantkor** (ca. 5,5 år – 2. klasse)  
kl. 17.50 – 18.40
- **Jentekor** (3. klasse og oppover)  
kl. 18.50 – 19.50
- **Ungdomskor** (frå 7. klasse og oppover)  
kl. 20.00 – 21.00

Har du lyst å bli med? Kontakt dirigent Gro Gunnarson: [gro.gunnarson@sunnfjordkyrkja.no](mailto:gro.gunnarson@sunnfjordkyrkja.no), eller sjekk Facebooksida «Korskulen i Førde kyrkje»

Kontingent per semester: Knøttekoret kr. 150, Aspirant- og Jentekoret kr. 200.

## Deciding

– *Førde sitt tensingkor*

Vi møtast i ungdomslokalet på Førde Kyrkjetun kvar tysdag kl. 19.00.

Deciding er for ungdom frå 14 år. Koret treng songarar, musikarar og dei som er likar drama, dans og media. Deciding er leik, moro, turar og konserter, der målsetjinga er å skape eit trygt ungdomsmiljø, leia av ungdom, med vaksne til stades.

Oppstart tysdag 24. august.

## Solvang søndagsskule

6. juni: Sommaravslutning med hageselskap hos Hanne og Josten Bildøy.

## 6-årssamling

**Søndag 22. august.** For dei som fyller 6 år i 2021. Invitasjon kjem i posten.

Trusopplæring i Naustdal sokn:



## 1 – 2 - 3. Vil du vere med?

11. – 13. august er det 1-2-3 dagar for deg som er 8 eller 9 år og som har god tid desse siste feriedagane før skulen startar. Kanskje er du lei av ferie og har lyst å treffen venner og finne på noko kjekt? Då er du velkommen til å vere med på 1-2-3 dagane. I 3 heile dagar vil vi forme, skape, lage, leike og undre oss. Brev med informasjon og brosjyre kjem i posten til dei som er født i 2012 og 2013.

*Naustdal kyrkjekontor*

## «Ope hus» 10 – 13 ÅR

Ope hus er ei uformell samling første fredagskveld i månaden, frå kl. 18.00 til kl. 20.00 på Førde kyrkjetun. For alle mellom 10-13 år. Oppstart fredag 3. september

## Søndag for alle

**Søndag 12. september kl. 16.00**

Velkommen til måltidsfellesskap og gudstenestefeiing! Middag på Førde kyrkjetun kl. 16.00 og gudsteneste for små og store kl. 17.30. Er det framleis restriksjonar, er vi ute.

Følg oss!  
[fb.me/malerskilbrei](https://fb.me/malerskilbrei)  
[skilbreibutikken](https://skilbreibutikken.no)

**BELLIS**  
BLOMSTER

Tlf. 57 82 07 22 | [www.bellisblomst.no](http://www.bellisblomst.no)  
ALTI, Førde

# Hans Nielsen Hauge 250 år

I år er det 250 år sidan Hans Nielsen vart fødd på Rolvsøy i Østfold. Koronasituasjonen har ført til at planlagte markeringar er avlyst eller utsett, men noko skjer rundt om i landet.

## «Haugespor»

Teatergruppa Ryfylke Livsgnist har laga eit jubileumsspel om Hans Nielsen Hauge sitt liv og virke, «Haugespor».

Opningsforestillinga var planlagd på Utstein kloster, med påfølgjande turné, men er av naturlege grunnar utsett. Men er du på reise i sommar, kjem du kanskje til ein stad der dei spelar stykket. Sjekk nettsida <https://ryfylkelivsgnist.no> for omtale og oppdatert turnéplan.

Sokneråda i Sunnfjord ser om det er mogleg å få førestillinga til Sunnfjord, men det er ikkje avklart om eller når det blir.



## Hauges Minde

På Rolvsøy i Østfold ligg Hauges fødestad, Hauges Minde. Huset er freda og inneheld museum og nyopna besøkssenter med utstilling om Hans Nielsen Hauges liv og virke. Dette kan vere ein interessant plass å stogge i ferien.

På nettsida [www.haugesminde.no](http://www.haugesminde.no) finn ein mykje stoff om Hans Nielsen Hauge, samt oppdatert informasjon om jubileumsmarkeringa.

## Strikk Haugesokken

Hans Nielsen Hauge var ein allsidig mann. Han var kjent for å strikke når han gjekk, og kanskje var det sokkar han strikka.

Norges Husflidslag, saman med m.a. Bjørgvin bispedøme, inviterer til design- og strikkekonkurranse, i samarbeid med Hillesvåg Ullvarefabrikk. Dette er ein del av den nasjonale 250-



*Haugianerne (1852), Adolph Tidemand. Nasjonalmuseet - Nasjonalgal-leriet, Oslo.*

års markeringa for Hans Nielsen Hauge sin fødsel.

Strikk eit originalt sokkepar og send inn saman med di oppskrift. Kanskje er dette årets flottaste Haugesokk? Send ferdige sokkar med oppskrift til: Kystmuseet i Øygarden, Museumsvegen 9, 5337 Rong. Merk sendninga: Hauge-sokken 2021. Frist for innsending er 31.juli. For meir

informasjon, sjå nettsida [haugesminde.no](http://haugesminde.no). På same nettside kan du også laste ned oppskrift på Haugevottar, med vakkert mønster med mykje symbolikk.

Hans Nielsen Hauge og haugianarrørla sette djupe spor i Sunnfjord. Helg og Heim hadde planar om ein lengre artikkel om dette, og det kjem vi nok tilbake til i eit anna nummer.

# Opplev ver, vind og velsigning i sommar

Bli med på arrangement langs kystpilegrimsleia!

Tekst og foto: KNUT MAGNE NESSE

Sommaren 2021 vert annleis. Kyrkjelydane langs kystpilegrimsleia i Bjørgvin bispedømme og Vestland fylke har teke den utfordringa og inviterer i fellesskap til ei rekke med arrangement i friluft langs leia. Prosjektet tek til ved pinse og varer ut i september. Mellom arrangementa er friluftsgudstenester, pilegrimsvandringar og «sjø-vegs-kirkjereis». Arrangementa vil vere tilpassa trygt og godt

smittevern. Dei lokale kyrkjelydane samarbeider med lokale lag og organisasjoner. Sjå gjerne heimesida [www.kystkultur.no](http://www.kystkultur.no) for å finne alle arrangementa. Det vil vere arrangement på alle nøkkelstadane på kystpilegrimsleia i vårt fylke: Svanøy, Kinn, Selja, Gulathinget og i Kvernsteinsparken i Hyllestad.

## Opa kyrkje på Kinn

Det vert opa kyrkje ved frivillig vertskap ved Kinn kyrkje i sommar. Også i år vert det eigne turistruter kl. 10.00 frå Florø til Kinn – alle dagar utanom onsdag og søndag. Ved kyrkja er det ope for besøk og faste tidebøner kl. 13.30 og 19.00 kvar dag. Det går ein



Kyrkja på Kinn og Kinnakloven.

fin rundtur omkring øya, og i tillegg er det fleire fine fjellturar ein kan gå. Flora turlag driv turlagshytte på Kinn. Kinn kyrkje er ein av nøkkelstadane på kystpilegrimsleia, og ein vil kunne stemple pilegrimspasset her.

# GUDSTENESTER

**Her er liste over planlagte gudstenester. Det kan bli endringer!**

Framleis er det restriksjonar på antall deltakarar som kan vere samla på gudstenester, og det varierar etter storleik på kyrkjene. Alle skal registrere seg, møt difor opp i god tid, hald avstand og vis omsyn

**Følg med i Firda og [www.sunnfjordkyrkja.no](http://www.sunnfjordkyrkja.no), eller kontakt kyrkjecontoret.**

## SØNDAG 6. JUNI

Førde kl. 12.00 Bygudsteneste ved rådhuset

Naustdal kl. 12.00 Friluftsgudsteneste i kommuneparken i Naustdal

## SØNDAG 13. JUNI

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste  
Årsmøte i Førde kyrkje etter gudstenesta.

Naustdal kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste  
Holsen kyrkje kl. 15.00 Gudsteneste

## SØNDAG 20. JUNI

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste  
Førde kyrkje kl. 13.00 Dåpsgudsteneste

## SØNDAG 24. JUNI, JONSKOK

Haukedalen kyrkje kl. 19.00 Gudsteneste

## SØNDAG 27. JUNI

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste  
Førde kyrkje kl. 12.30 Dåpsgudsteneste  
Naustdal kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste  
Vevring kyrkje kl. 15.00 Gudsteneste

## SØNDAG 4. JULI

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

## SØNDAG 11. JULI

Førde kyrkje kl. 11.00 Festivalgudsteneste  
Holsen kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

## SØNDAG 18. JULI

Naustdal kyrkje kl. 11.00 Fellesgudsteneste med Førde  
Haukedalen kl. 12.00 Stølsmesse

## SØNDAG 25. JULI

Sunnfjord Museum, Movika kl. 11.00  
Olsokgudsteneste

## SØNDAG 1. AUGUST

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste  
Vevring kyrkje kl. 15.00 Gudsteneste

## SØNDAG 8. AUGUST

Naustdal kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste  
Holsen kl. 12.00 Stølsmesse  
Førde kyrkje kl. 19.00 Gudsteneste

## SØNDAG 15. AUGUST

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste  
Haukedalen kyrkje kl. 15.00 Gudsteneste

## SØNDAG 22. AUGUST

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste  
Semesterstart  
Naustdal kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

## LAURDAG 28. AUGUST

Førde kyrkje kl. 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste  
Vevring kyrkje kl. 12.00 Konfirmasjonsgudsteneste

## SØNDAG 29. AUGUST

Holsen kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste  
Førde kyrkje kl. 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste  
Vevring kl. 11.00 Friluftsgudsteneste

## TORSdag 2. SEPTEMBER

Førde kyrkje kl. 19.00 Kvardagsmesse



Gode tilbod på flis, belegg, Stein,  
ferdigplen, støttemur, kvit singel.  
Vi kan flislegging!

**Boligkompaniet**...  
www.bruflis.no tlf. 90 61 96 54

ALT I  
● SPORTSKLEDE  
● SPORTSUTSTYR  
● BARNEUTSTYR

Erdal Sport  
**INTERSPORT**  
Førde



## Førde kyrkjetun

har lokale som høver dei fleste arrangement:

- Selskap, konfirmasjon, barnedåp og bryllaup
- Barneselskap og åremålsdagar
- Minnesamvær
- Årsmøte, kurs/konferansar osv.

Ta kontakt for bestilling eller tilbod:

Tlf. 99 15 13 07 eller [ann.berit.steiro@sunnfjordkyrkja.no](mailto:ann.berit.steiro@sunnfjordkyrkja.no)



## Lokale til leige på Naustdal kyrkjelydshus

Har du ein dag som skal feirast? Fyller du rundt år, eller er det barnedåp eller konfirmasjon i familien?

Kyrkjelydshuset i Naustdal har fleire lokale til leige.

Vi leiger også ut til ulike organisasjoner, m.a. til årsmøte.

Kontakttelefon 40 84 54 36.

E-post: [kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com](mailto:kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com)

**LAURDAG 4. SEPTEMBER**

Førde kyrkje kl. 11.00  
 Konfirmasjonsgudsteneste  
 Naustdal kyrkje Klokkeslett ikke bestemt.  
 Konfirmasjonsgudsteneste

**SØNDAG 5. SEPTEMBER**

Førde kyrkje kl. 11.00  
 Konfirmasjonsgudsteneste  
 Naustdal kyrkje Klokkeslett ikke bestemt.  
 Konfirmasjonsgudsteneste

**LAURDAG 11. SEPTEMBER**

Holsen kyrkje kl. 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste

**SØNDAG 12. SEPTEMBER**

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste  
 Haukedalen kyrkje kl. 11.00  
 Konfirmasjonsgudsteneste  
 Førde kyrkje kl. 17.30 Familiegudsteneste

**LAURDAG 18. SEPTEMBER**

Førde kyrkje kl. 11.00  
 Konfirmasjonsgudsteneste

**SØNDAG 19. SEPTEMBER**

Førde kyrkje kl. 11.00  
 Konfirmasjonsgudsteneste  
 Vevring kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

**DØYPTE****DØYPTE I FØRDE KYRKJE:**

- 28.02 Noah Oddekalv Tonning
- Isak Selstad-Ristun
- Ylva Brede Turøy
- Andreas Fjellhaugen Våge
- 14.03 Isak Hassel Rørvik
- 20.03 Alma Nesheim Ness
- Jenny Åsnes Langedal
- Storm-Leander Ulvatn Osa
- August Haukås Gilen
- Felix Martiin Ulvatn Dale
- Emrik Skår Råheim
- Elias Breidvik Ness
- 04.04 Kristoffer Rivedal Borlaug
- 11.04 Mathias Haglund Dvergsdal
- Andreas Sæther-Ekehaug

**DØYPTE I NAUSTDAL KYRKJE**


- 14.02 Hans Larsen Solheim
- 28.02 Aksel Solheim Ervåg
- 28.03 Andrei Sebastian Bardaje Reiakvam

**DØYPTE I VEVRING KYRKJE**

- 14.03 Olivia Underlid Grytten

**VIGDE****NAUSTDAL KYRKJE**

- 14.02 Annette Einen Larsen
- og Thomas Mathias Solheim

**GRAVFERD****GRAVFERD FØRDE KYRKJE**

- |                            |         |
|----------------------------|---------|
| 19.02 Ove Henning Finstad  | f. 1964 |
| 26.02 Mariann Iversen      | f. 1958 |
| Birgit Audny Iveren        | f. 1937 |
| 02.03 Leiv Vie             | f. 1930 |
| 09.03 Inger Thingvold      | f. 1930 |
| 30.03 Oddny Johanne Løland | f. 1943 |
| Ansgard Normann Hafstad    | f. 1942 |
| 06.04 Herdis Indrebø       | f. 1938 |
| 08.04 Grete Ananiassen     | f. 1955 |
| Åshild Vie                 | f. 1929 |
| 09.04 Gunnar Wæhle         | f. 1949 |
| 14.04 Torolf Vie           | f. 1927 |

**GRAVFERD NAUSTDAL KYRKJE**

- |                          |         |
|--------------------------|---------|
| 04.03 Olav Horstad       | f. 1926 |
| 05.03 Borghild Hammarset | f. 1932 |

**GRAVFERD VEVRING KYRKJE**

- |                                |         |
|--------------------------------|---------|
| 13.04 Mildrid Annlaug Apalseth | f. 1930 |
|--------------------------------|---------|

**KYRKJESKYSS TIL FØRDE KYRKJE**

Det er ikke sett opp fast kyrkjesskyss i sommar. Treng du skyss for å komme deg til kyrkje, kan du ta kontakt med kyrkjekontoret.

**RICKEN**

Langebruv. 26 (v/Domus)  
 Førde  
 Tf. 472 56 398  
 eller 578 21 340

KUNSTNARMATERIELL  
 INNRAMMING  
 TRYKK



**Naustdal**  
 Dampbakeri

KVALITET  
 GJENNOM  
 GENERASJONAR



57 72 41 40  
[dampbakeriet.no](http://dampbakeriet.no)

**ØSTERLIDE**

Fredag 8. juli kl 21.00 Førde kyrkje



*'Stemmen til Liv Ulvik er solen. Og den er snøen. Det er sakralt, og hun har en sakral tilstedeværelse i måten hun viser oss tonene.... Aldri kjedelig, alltid overraskende og originalt.'*  
 – Kjetil Bjørgan, Folkemusikk

**Førdefestivalen** 7.-11. JULI 2021

[f](#) [i](#) [fordefestival.no](#)

Finn billettar på TicketCo



**Returadresse**  
Førde kyrkjecontor  
Kyrkjevegen 23F  
6809 FØRDE

# Møte med speidargruppa

Kvar torsdag ettermiddag dukkar det opp ein flokk jenter og gutter ved Førde kyrkjetun. Det er møtetid for speidarane.

Tekst og foto: HANNE SCHNITLER

Helg og Heim tar ein prat med speidarjentene utanfor kyrkjetunet.

– *Kva gjer speidarane gjer når de møtast?*

– Vi leiker! Vi går ofta opp i skogen, og der lærer vi å spikke og lage bål, og vi bruker å grille nesten kvar gong. Det er veldig moro!

– Her kan ein vere med utan prestasjonspress, seier Stig Johnny Fitje, leiar i Førde KFUK/KFUM Speidargruppe.

– Men vi vil gjerne at dei skal lære noko, som det å klare seg ute i naturen. Lage mat på bål er populært; pinnebrød, rotsuppe, popcorn og pølser sjølvsagt. Speidarlova må dei òg lære seg, og kvart møte blir avslutta med speidarbøna og speidarhelsinga.

Med i leiargruppa er Hildegunn Knapstad, Bjørn Harald



Frå venstre Gulla Sortland, Kristiane Oliva Aven, Julia Espedal, Synne Lundewall og Ida Malene Eikenes.

Haugsvær, Hanne Aven og Peter Pukallus. Dei har ansvar for ei stadig aukande flokk speidarar.

Speidarane brukar å vere i skogen, men denne dagen er dei ved kyrkjetunet. Oppgåva er nemleg å lage romerske sledar! Stokkar skal surrast saman med tau, og då må ein kunne tømmerstikk og doble halvstikk.

Så er det tid for kappløp!



Full innsats! Fire dreg og ein står på sleden.

Knutar må til for å lage sleda.